

MØTEREFERAT

Tema: Ny landkommune (Solnør), 2. møte i koordinerende gruppe
Dato/Sted: Vestnes rådhus 5. mai 2015, 15:00 til 16:45

Møteleder: Torbjørn Fylling, ordfører Ørskog kommune
Referent: Erlend Krumsvik, Sunnmøre Regionråd IKS
Fremmøtte: Tone Roaldsnes, administrasjonssjef Vestnes kommune
Torbjørn Fylling, ordfører Ørskog kommune
Synnøve Vasstrand Synnes, rådmann Ørskog kommune
Erlend Krumsvik, rådgiver, Sunnmøre Regionråd IKS

Vedlegg:

Formålet med møtet var å planlegge første arbeidsmøte med arbeidsgruppene i dag, og planlegge neste møte i styringsgruppa 18. mai.

Arbeidsgruppene

Alle SWOT-analysene vart sendt ut måndag 4. mai, og arbeidsgruppene samlast i dag til felles oppstart med arbeidet. Møtet skal gjennomførast slik:

- Erlend Krumsvik gir ein presentasjon med tankar og idear for gjennomføring av arbeidet.
- Arbeidsgruppene samlast i respektive grupper og startar arbeidet.

Neste møte i arbeidsgruppene 26. mai. Det vart fremja forslag om å legge denne samlinga til Stordal. Erlend Krumsvik sender førespurnad til Stordal kommune om å vere vertsskap for dette møtet.

Møte i Styringsgruppa 18. mai

Det vart fremme forslag om å ha dette møtet i Norddal. Erlend Krumsvik sender førespurnad til Nordal kommune om å vere vertsskap for dette møtet. Møtet skal starte kl 10:00.

Agenda for møtet

1. Diskusjon om arbeidstittel på reformarbeidet. Jfr. Referat frå møte i styringsgruppa 25. mars 2015, så skal «Solnør» diskuterast.
2. Statuspresentasjon av arbeidet, v/Erlend Krumsvik
3. Styringsgruppa tek stilling til om formannskapa skal inviterast til arbeidsgruppene sin presentasjon for Styringsgruppa 8. juni 2015.
4. Styringsgruppa tek stilling til om møte i styringsgruppa 21. august skal gjennomførast som ei todagarssamling 20. og 21. august i Sandøy, (Finnøy Havstuer). Grunngevinga er at reformprosessen truleg treng ein møteplass for både formell og uformell dialog mellom deltakarane.

Eventuelt

Gjeldande framdriftsplan har to møtepunkt for koordinerende gruppe som ikkje er datofastsett. Desse vart vedtatt i møtet.

- Veke 25. Måndag 15. juni, Ørskog rådhus kl 14:00 til 16:00.
- Veke 35, Måndag 24. august, Ørskog rådhus kl 14:00 til 16:00

Det vart vidare vedtatt at koordinerende gruppe møter i forkant av neste felles arbeidsgruppemøte den 26. mai. 2015

Framdriftsplanen skal oppdaterast med desse datoane, samt møtestadar når desse er stadfesta. Oppdatert framdriftsplan blir publisert på nettsidene til Sunnmøre Regionråd IKS.

Møte i Styringsgruppa 8. juni er foreslått lagt til Haram kommune. Erlend Krumsvik sender førespurnad til Haram kommune om å vere vertsskap for dette møtet.

Møtet slutt 16:45